



Arnold Matre
Matre 35
5984 Matredal

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/179 - 23/2868

Sakshandsamar:
Ottar Myrtveit
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:
28.03.2023

Svar på klage med krav om oppheving av delegert administrativt vedtak i sak.21/2023

Viser til ditt brev datert 16.03.2023.

Klagen er vurdert og delvis teken til følge og punkta kan kommenterast slik.

Søknaden frå Lars Elling Haugsvær er som forklart i vedtaket svært mangelfull, men den kom frå han som tilhøyrrer valdet Haugsvær. Store Matre var ikkje nemnd i søknaden. Overskrifta følgjer også saka, men Store Matre kunne vore med. Vidare burde søkjar klart orientert både grunneigar og valdleiar straks, sjølv om begge vart tilskrivne som kopimottakarar i vedtaket. I vedtaket er forklart kva som skal vera med av opplysningar i ei slik sak. Administrasjonen var av den grunn innstilt på avslag slik søknaden var. Hadde me fått nok og rett opplysningar kunne utfallet vorte annleis. Kommunen nyttar svar ut til digipost og sjekkar ein ikkje postkassen ofte nok kan det fort gå for lang tid.

Kommunen vart nesten samstundes kontakta av nestleiar i TU (Teknisk Utval) for synfaring, og det vart innstilt på to skadeløyver. Søknaden kan såleis diskuterast men var litt hastesak for søkjar.

Då det var tydeleg at her var det ein kronhjort som har øydelagt grindane for inngjerdinga til rundballar, vil nok den koma att på sama staden.

Ei omgjerjing av vedtak vert ikkje teken til følge då hjorten er skoten og levert hjortemottaket til Olav Kåre Tverberg i samsvar med vedtaket. Begge hjortane er levert.

Kommunen har endra avskytingsprofil frå 2022 med meir kolle og kalv for å få ned stammen. Valdet Store Matre har ein litt lav fellingsprosent med 54,8% i snitt for dei siste 5 år, sjå tabell. På denne tida er her skote 3 eldre bukkar og 29 løyver totalt. Det bør såleis ikkje vera noko problem om to bukk vert tekne ut no. Det vil ikkje påverka stammen eller jakta lokalt.

Men ein er samd i at skadeløyver ikkje skal gjevast utan at synfaringa har med seg grunneigar, valdansvarleg, representant frå TU samt kommunen. Da kan slike uheldige episodar avvergast.

Vidare vil denne saka bli teken opp i neste møte i TU 11.04.2023 som ei orientering om korleis ein her etter bør handsama skadeløyver på hjort. Klagen peikar på nokre punkt som kan forbetrast og det er viktig med ein ryddig saksgang. Kommunen laga i fjor eige søknadsskjema for skadefelling av hjort og eit til gås. Her må me nok orientera meir om kva som finst på heimesida og krava til ein skadefellingssøknad.

Statistikk for Store Matre 2018 - 2022

Jaktår	Felte hannk	Felte hunnk	Felte 1-årige h	Felte 1-årige f	Felte eldre h	Felte eldre	Tildelt to	Felte tota	Fellin
2018	0	0	1	1	1	0	5	3	60
2019	0	0	1	0	1	0	5	2	40
2020	0	1	1	0	0	1	5	3	60
2021	0	1	1	0	1	1	7	4	57
2022	1	1	1	0	0	1	7	4	57

Med helsing

Ottar Myrtveit
landbruksrettleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Jon Steinar Haugsvær	Haugsvær 39	5983	Haugsvær
Lars Elling Haugsvær	Haugsvær 25	5983	Haugsvær
Olav Ørjan Daae	Frøyset 12	5986	Hosteland
Stian Søvik	Hostelandslia 40	5986	Hosteland

Mottakarar:

Arnold Matre	Matre 35	5984	Matredal
--------------	----------	------	----------